

- Stopp angrepa på verna vassdrag

Landsmøtet i Den Norske Turistforening (DNT) ber regjeringa gripa inn mot planlagde utbyggingar av verna vassdrag.

Eit samrøystes landsmøtet i Den Norske Turistforening (DNT) meiner angrep på verna vassdrag rundt om i landet må stoppast, og dreg fram Raundalselva og Verma i Romsdalen som døme på vassdrag som er under press.

- Me kan ikkje akseptera at nokon tuklar med vassdrag som er verna, sjølv om argumentasjonen er at ein kan henta ut meir fornybar energi. Vassdrag som er verna av Stortinget skal ha garanti mot utbygging, seier styreleiar Tom Ivar

Bern i DNT i ei pressemelding.

Svekka naturen

Landsmøtet i DNT samla i helga 200 delegatar frå 56 lokale turlag i Stjørdal som har diskutert framtida for norsk natur og friluftsliv. Landsmøtet har reagert så kraftig på planane som er lagt for Raundalselva og Verma i Romsdalen at ein eige uttale vart formulert og samrøystes vedteke.

- Angrep på verna vassdrag må stoppast no. Ei bitvis utbygging vil svekka garantien for at verdifull natur ver teken vare på. Varig vern tyder varig vern, seier styreleiar Bern.

Krev respekt

DNT meiner Raundalselva er eit av dei få, nær uregulerte, større vass-

drag på Vestlandet og er eit vassdrag med store bruksverdiar, noko mellom anna Ekstremsportveko sner. Verma i Romsdalen er eit anna døme som DNT dreg fram.

- Noreg sine verna vassdrag gjev rike opplevingar av urørt natur. Dei er òg arena for stadig aukande friluftaktivitet, særleg for ungdom. DNT reagerer kraftig på at det vert planlagt utbygging av vassdrag som er varig verna av Stortinget. Landsmøtet krev at prinsippet om varig vern vert respektert av lokale styresmakter og kraftutbyggarar, heiter det i resolusjonen frå landsmøtet i DNT.

TOR HALVORSEN | tekst
th@avisa-h.no

Inga avklaring om sjukeheims plassane

DALE: Anten må Vaksdal avvika dei fire plassane kommunen eig ved Modalstunet, eller så må det reduserast med eit visst tal plassar i Vaksdal.

Slik oppsummerer ordførar Eirik Haga i Vaksdal, møtet han hadde med representantar for Modalen, i sist veke.

- No får det vera opp til politikarane å avgjera saka, og då er det desse to alternativa som må setjast opp mot einannan, seier Haga.

Delt syn

Haga er også klar over at kommunestyret er splitta i denne saka.

- Utfordringa vår er at talet på eldre går nedover, og det fører også til mindre rammeoverføringar frå staten. Me må redusera talet sjukeheims plassar, understrekar Haga.

I tillegg er det slik at Vaksdal brukar svært mykje på kvar plass i pleie- og omsorg, samanlikna med andre kommunar.

Møtet mellom dei to kommunane i sist veke, gav heller ikkje noko semje om samarbeid om heimete nestene i indre stork.

- Me kom vel fram til at eit slikt samarbeid, ved at til dømes dette vert drive av Modalen kommune, ikkje er tenleg, seier Haga.

Ser til Haraldsplass

Modalsordførar Knut Moe seier i



INGA SEMJE: Knut Moe (til høgre) og ordførarkollega i Vaksdal, Eirik Haga, er ikkje kome til noko semje om samarbeid om drift av pleie- og omsorg.

ARKIVFOTO: JAN-EGIL DYVIK

ein kommentar at dei føler dei ikkje er kome noko lenger på desse to møta som er haldne.

- Det nye for vår del er at me er kome inn under eit nytt sjukehusdistrikt. Vona vår er at det kan føra til auka bruk av Modalstunet, til dømes ved at Haraldsplass, som er vårt lokalsjukehus no, har trong for rehabiliteringsplassar, seier Moe.

Slik han ser saka, verkar det som om Vaksdal ikkje har trong lenger for plassane dei eig i Modalen.

Drifta må sikrast

- Me må uansett gjera alt me kan for å sikra drifta ved Modalstunet,

og me kjem til å snu kvar stein for å sjå korleis det kan gjerast, legg han til. Moe reknar ikkje med at saka kjem opp i kommunestyremøtet som skal haldast torsdag i denne veke. I staden skal dei ha eit møte med Haraldsplass rett over ferien, eit møte som vonleg vil gje positive signal for framtidig drift ved Modalstunet.

Etter som me skjønner vil det ikkje vera fleire møte mellom kommunane om dette temaet, no skal saka til avgjerd i Vaksdal.

JAN-EGIL DYVIK | tekst
jed@avisa-h.no

Systerheimen kan seljast

ULVIK: Fylkestinget har opna for at bustadblokka ved Voss sjukehus kan seljast.

Bustadblokka er ei av eit par større eigedomar som fylkeskommunen ikkje har selt, etter at det vart selt unna ein del eigedomar i samband med at staten i 2002 tok over drifta av sjukehusa. Fylkestinget har bede om at det vart teke ein ny gjennomgang av dei aktuelle eigedomane, denne våren.

For Systerheimen har det vorte arbeidd med ulike avklaringar, forklarar fylkesrådmannen i saka som vart lagt fram for fylkestinget nyleg. Det meste av avklaringane galdt påstått hefte ved eigedomen. I mellomtida har bygget vore leigd ut til Helse Bergen.

Avklaringane er no på plass, går det fram av saka. Konklusjonen er at det ikkje føreligg hefte som har noko å seia for vidare sal.

- Fylkesrådmannen legg difor til

grunn at ein går vidare med sikte på sal av heile blokka samla, men at ein får høve til å vurdere seksjonering dersom prisen ikkje vert tilfredsstillande.

Fylkestinget hadde ikkje innendingar til dette, men vedtok at eventuelle sal skal godkjennast av fylkesutvalet før dei vert fullførde.

SIGRID SEIM | tekst
ss@avisa-hordaland.no

BILLIG overnatting!

699;

HIGH PEAK CAVE 2-MANNSTELT
2-mannstelt med vanntett ytterduk. Alle sommer er tapet. Kun 2,9 kg

Bergans OF NORWAY

BERGANS SUPER LETT
Vanntett, lett jakke og bukse i 3-lags Dermizax™ stretchmateriale. Jakke 500gr, bukse 400gr. Dame/herre

Kjøpt løst jakke 1900;/bukse 1200;

1999;

599;

6999;

SCOTT SCALE 70
Rå terrengsykkel for trening og ritt. Rock-Shox Dart 2 Keyturn demper med låsemulighet, Shimano SLX 27 gir og Shimano M486 hydrauliske skivebremsar.

8848 ALTITUDE SPECTRA/ 8848 SCOOP SWEAT
Myk hettejakke i komfortabelt stretchmateriale. Dame/herre.

Bergans

fra 399;

STORT UTVALG AV PIQUE
8848 Altitude Twice 399;
Helly Hansen Walcroft/Marstrand 499;

fra 199;

BEHAGELIGE T-SHIRTS
Jotunheim Sjoa (dame/herre) 199;
Bergans Climbing (dame/herre) 249;
8848 Altitude Chain Top (dame) 299;

299;

TIMBERLAND NEKKOL CONVERTABLE
Lett sportssandal med gripesåle.

599;

BERGANS UTNE PIRAT
Komfortabel piratbukse i stretch. Dame og herre

sport 1

ekte sport.

Sporten Voss AS
Amfisenteret, 5700 VOSS
Tlf. 56 53 06 10